

# Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

## Agenda AU-møte nye Haram 15. juni

**Dato:** 15. juni 2017  
**Tid:** kl. 12 til 15  
**Møteleiar:** Dag Olav Tennfjord  
**Stad:** ID-huset 2 etg., Brattvåg

### Agenda:

#### 1. Kort statusorientering veke 21-23

Viktigaste statuspunkt er:

- AU-møte møte 24.5. – [lenke til referat](#)
- Søknad infrastrukturmidlar er sendt KMD 1.6. med kopi til ordførarane.
- Prosjektleiatarforum 2.6. – [lenke til referat](#). Presentasjonar – sjå vedlegg. Ny samling vert 23.6.
- HTV og HVO er inviterte til felles kommunestyremøte 21.6.
- Organisasjonskart og delprosjekt oppdatert oversikt – [lenke](#).
- Oppstartsamling 12.-13.6. i KMD sitt prosjekt «Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing». Nye Ålesund deltok med ni representantar.
- Planlegging av felles kommunestyremøte – skypemøte med Vigdis R. Vestad FMMR, møter med NMK og andre aktørar for arrangementgjennomføring.
- Innkalling frå FMMR sendt kvar kommune 13.6. – sjå vedlegg. Kvar kommune skal sende innkalling til kommunestyremøtet 21.6. der FMMR si innkalling og sakliste er vedlagt.
- Prosjektet opprettar ei side på FB for tilsette som er open for alle.
- Informasjons- og nyheitsbrev nr. 2 vert sendt tilsette før sommaren.

#### 2. Stortingsvedtak 8. juni 2017 «Endringer i kommunestrukturen» Prop. 96 S (2016-2017), Innst. 386 S (2016-2017)

- <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=67738>
- Pressemelding frå nye Ålesund sendt ut like etter vedtaket - [lenke](#)

#### 3. Intensjonsavtalen – klar for signering 19.6.

- Ferdig handsama i fire kommunestyre, Haram har møte 15.6.
- Ordførarane signerer på siste styringsgruppemøtet 19.6.
- Signert intensjonsavtale vert utdelt i 200 eksemplar på felles kommunestyremøte 21.6.

#### 4. Planlegging felles kommunestyremøte

- Innkalling frå FMMR sendt kommunane 13.6. – sjå vedlegg. Kvar kommune må sende innkalling til kommunestyremøtet til sine folkevalde.
- Anne Bente Skjellum går gjennom program/arrangement/køyreplan – powerpointpresentasjon. Spørsmål til avklaring.

### Oversikt program:

14.30	Oppmøte, registrering og ein matbit i handa.
15.00-17.00	Felles kommunestyremøte med drøftingar. Kommunane sit kommunevis og parti plassane er merka, som vanleg. Det skal ikkje treffast vedtak i det felles kommunestyremøte, møtet er av prosessleiarande karakter.
17.00-19.00	I forlenging av fellesmøtet blir det gjennomført separate kommunestyremøte der kvart kommunestyre formelt handsamar drøftingssakene. Kommunestyra blir sitjande på plassane sine og møta vert gjennomførte etter kvarandre. Alle blir sitjande til dei fem kommunestyremøta er ferdige.
19.00-19.30	Fellesbilete blir tatt på møtestaden, de står kommunevis og vil få tilvist plassar.
19.30-22.00	Sosial markering med servering (tapas), kulturelle innslag og talar.
	Møta 15.00 – 19.00 blir streama og det er venta mange medier til stades. Kleskode: Formelt. Forfall meldast til politisk sekretær i eigen kommune.

- Sakene er ferdig handsama i fire kommunestyre, Haram har møte 15.6.  
Har nokon av kommunane fatta andre vedtak enn innstillingane?

### Oversikt kommunestyreprotokollar:

	Formann- skapsmøte	Kommune- styremøte	Lenker - vedtak
Haram	6. juni	15. juni	<a href="#">Lenke til protokoll formannskapsmøte i Haram 6. juni sak 69-72/17</a>
Sandøy	29. mai	8. juni	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Sandøy 8. juni sak 48-52/17</a>
Skodje	24. mai	31. mai	<a href="#">Lenke til protokoll formannskapsmøte 24. mai og orienteringssak kommunestyret 31. mai sak 17/590</a>
Ørskog	31. mai	8. juni	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Ørskog 8. juni sak 60-63/17</a>
Ålesund	16. mai	23. mai	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Ålesund 8. juni sak 49-52/17</a>

- Køyreplan for sjølve drøftinga. Fylkesmannen innleier ca. 10 minutt, deretter skal Eva V. Aurdal leie sjølve drøftinga. Korleis vil ordførarane fordele hovudinnlegga mellom seg?

### Forslag til køyreplan (tidsramme to timar):

Tema	Oppgåvefordeling	Tid
Innleiing ved Fylkesmannen		10 min
Val av møteleiar og sekretær Innleiing ved møteleiar	Kven foreslår Eva V. Aurdal og Irene K.? Generell innleiing v/møteleiar.	10 min
Sak 1: Forslag til namn på den nye kommunen	Kort fakta k.styreinnstillingane v/møteleiar Hovudinnlegg: .... Andre innlegg	10 min
Sak 2: Talet på medlemmer i det nye kommunestyret	Kort fakta k.styreinnstillingane v/møteleiar Hovudinnlegg: .... Andre innlegg	30 min
Sak 3: Mandat for fellesnemnda: Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova	Kort fakta k.styreinnstillingane v/møteleiar Hovudinnlegg: .... Andre innlegg	30 min
Sak 4: Val av revisor for verksemda i fellesnemnda	Kort fakta k.styreinnstillingane v/møteleiar Hovudinnlegg: .... Andre innlegg	10 min
Sak 5: Oppretting av evt. andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga	Kort fakta k.styreinnstillingane v/møteleiar Hovudinnlegg: .... Andre innlegg	10 min
Oppsummering drøfting v/møteleiar		5 min

- Deretter: Fem individuelle kommunestyremøter – kva rekkefølge?

## 5. Kjønnsbalanse i kommunane sine repr. til fellesnemnda – presisering frå fylkesmannen

Viser til AU-møte 24.5. sak 5. Koordinator har i skypemøte med prosjektleiar Vigdis R. Vestad og jurist Frida F. Brevik FMMR tatt opp igjen spørsmålet om at Ørskog og Skodje ikkje oppfyller kravet til kjønnsmessig balanse. Etter møtet fekk vi følgjande skriftlege svar gjengitt under, som er vidareformidla til dei to ordførarane. Det er tydeleg at mangel på kjønnsbalanse kan få konsekvensar for heile fellesnemnda si gyldigheit.

Vestad og Brevik FMMR deltek i styringsgruppemøtet 19.6. for å klargjere kravet.

*«Vi viser til vårt tidlige svar (i e-poster av 23. og 29. mai) om at valglister til fellesnemnda skal oppfylle kravet om kjønnsmessig balanse jf. kommunelovens § 36 nr. 2. Det er riktig som du skriver; Fylkesmannen skal ikke godkjenne eller innvilge unntak fra kravet til kjønnsmessig balanse. Det kan imidlertid få konsekvenser for gyldigheten av vedtakene dersom organet ikke er satt sammen lovlig. Det er kommunens ansvar å se til at organet er lovlig sammensatt.» «Det er ikke mulig å søke unntak fra kravet om kjønnsmessig balanse. Verken med hjemmel i eller etter inndelingslova § 17. Det foretas ingen automatisk «kontroll» med at kommunene etterlever regelverket. Det er som jeg skrev, kommunenes ansvar å sørge for at regelverket følges. Dersom listeforslagene ikke oppfyller lovens krav om kjønnsmessig balanse vil organet kunne anses som ugyldig sammensatt. Jeg skrev i en tidligere e-post om hva som kan anses som «unntaksgrunn», men det var ment som en henvisning til og utdyping av; hva som ligger i lovens ordlyd om at kravet til kjønnsmessig balanse skal følges «så langt det er mulig.»»*

Koordinator meiner det er uheldig å måtte byte ut representantar i fellesnemnda etter konstituering/oppstart. Dette er uheldig både for nemnda som gruppe, for dei representantane som må ut, for dei representantane som kjem inn, og ift. følgjekonsekvensar for varamannslista. Koordinator anmodar om at dette ryddast opp i før konstituering av fellesnemnda 24. august.

## 6. Eigedomsskatt – avklaring med fylkesmannen

I FMMR sitt saksframlegg om felles kommunestyremøte (kladd ligg ved), står følgjande i kap. 2: «I tillegg til sakene som er nemnd i § 25 i inndelingslova bør kommunane i eit slikt felles møte drøfte og bli einige om saker som det er nødvendig å gjere unntak frå i lovverket for å gjennomføre samanslåing, jf. § 17 i inndelingslova. Eksempel på unntak frå lovverket er gjennomføring av val(vallova) og harmonisering av reglar for eigedomsskatt (eigedomsskattelova) og kommunal deltaking i ulike råd og organ. Slike saker må også takast med i kongeleg resolusjon, dersom det forutset unntak frå lov eller forskrift.»

Rådmannsgruppa tok opp spørsmålet om eigedomsskatt må drøftast 21.6. Koordinator har i skypemøte med Vestad og Brevik FMMR avklart at dette ikkje må skje no, og informert rådmennene: Det er riktig at det må fattast vedtak i ein kgl.res. dersom nye Ålesund har behov for unntak frå lov eller forskrift. Det er imidlertid ikkje nødvendig at dette inkluderast i vår søknad om kgl.res. 21.6., men blir ein sjølvstendig søknad seinare dersom behov. Dette må utgreiast av fellesnemnda. Skulle komande utgreiing konkludere med at nye Ålesund må ha unntak, sender vi ein grunngjeven søknad via fylkesmannen om dette då.

Jurist Frida F. Brevik FMMR kjem til styringsgruppemøte 19.6. for å gå nærmare inn på dette.

### Intensjonsavtalen skriv dette om harmonisering:

*Lokale forskrifter og vedtekter (til dømes politivedtekter, opningstidsvedtekter, vedtekter for sal- og skjenketider etter alkohollova, vedtekter etter plan- og bygningslova, vedtak om hamneavgift, satsar for eigedomsskatt og andre betalings- og avgiftsregulativ, lokale fiske- og jaktforskrifter, og avfallsforskrifter) gjeld framleis for vedkomande område inntil dei blir endra av kommunestyret i den nye kommunen. (...) Teneste- og avgiftsnivået skal harmoniserast. Dette arbeidet må starte raskt.*

**Mandat for fellesnemnda har desse punkta:**

3.3. Fellesnemnda skal utarbeide økonomiplan og budsjett for det første driftsåret for den nye kommunen (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum) og legg fram forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak for det nye kommunestyret som blir vald hausten 2019, her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova).

3.4 Fellesnemnda skal i si verkeperiode gi fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnt i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum).

3.5 Fellesnemnda blir eit koordinerande ledd mellom kommunane med tanke på å samordne ei heilskapleg planlegging på økonomiområdet, jf. pkt. 5.4.2 i intensjonsavtalen.

**7. Politisk sekretariat til fellesnemnda**

- Delvis frikjøp av formannskapssekretær frå Haram, jf. AU-møte 24.5. sak 4 – oppdatering

**8. Stilling IKT og digitaliseringsarbeid**

- Utlysningstekst prosjektstilling strategisk IKT og digitalisering, jf. AU-møte 24.5. sak 9. Stillinga vert utlyst 20.6. etter vedtak i styringsgruppa – sjå vedlegg
- Sak frå sist styringsmøte i e-kommune Sunnmøre – Bente V. Glomset orienterer i møtet.

**9. Delprosjekt interkommunalt samarbeid – politiske representantar**

- Kven vert politisk representant frå Haram, Sandøy, Ørskog, Skodje og Ålesund?, jf. AU-møte 24.5. sak 16 og e-post sendt ordførarane om dette.
- Tore Hals kan bistå som administrativ tilretteleggjar for delprosjektet i 2017.

**10. Prosjektleiartforum – finansiering felles opplæring**

- Det er behov for ei felles opplæring i prosjektarbeid, 2-4 kursdagar hausten 2017. Kan koordinator få fullmakt til å bestille konsulentteneste til dette innanfor ei kostnadsramme på om lag 25.000,-?

**11. Partssamsatt utval (PSU) frå september - tal på representantar frå arbeidsgjevar**

- Janette Steinsvik og Petter Sortevik frå delprosjekt A1: Personal og omstilling orienterer om oppretting av dette organet – samansetjing, saker/innhald m.v.
- AU innstiller på kor mange arbeidsgjevarrepresentantar PSU skal ha, namn på desse vert vedteke i første møtet i fellesnemnda.

**12. Overordna styringsdokument og ROS-analyse – hovudsak i siste styringsgruppemøte**

- Oppdatert styringsgruppedokument vert ettersendt dykk onsdag.
- Koordinator og Bente V. Glomset førebur prosess for arbeid med styringsdokumentet og overordna ROS-analyse. Målet er at dokumentet inkl. analyse, leggst fram for fellesnemnda i første møtet.
- Dette vert hovudsak i siste styringsgruppemøte.

**13. Forprosjekt for oppretting av senter for offentleg innovasjon - status**

Dette er ein nasjonal pilot i samarbeid med m.a. Ålesund kunnskapspark som er i oppstartsfasen. Dag Olav Tennfjord gir ein oppdatert status i saka.


#### **14. Program/agenda for styringsgruppemøte 19.6., Ørskog**

Stad: Ørskog er vertskap.

Førebels agenda vert sendt styringsgr. 13.6. Endeleg agenda m/saksliste etter AU-møtet.

Hovudsaker:

- Signering av intensjonsavtale.
- Orientering ved prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad og jurist Frida F. Brevik, FMMR.
- Felles kommunestyremøte – program og gjennomføring.
- Styringsdokumentet «Slik bygger vi nye Ålesund kommune» - hovudsak
- Overordna ROS-analyse for heile prosjektet - hovudsak
- Fellesnemnd og AU hausten 2017. Representantar, møtekalender, formannskapssekretær m.v.
- Stillingsprofil og stillingsannonse rådmann nye Ålesund.
- Avslutning for styringsgruppa!



# Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

## Referat AU-møte nye Ålesund 15. juni

**Dato:** 15. juni 2017  
**Tid:** kl. 12.20 til 15  
**Møteleiar:** Dag Olav Tennfjord  
**Stad:** ID-huset 2 etg., Brattvåg

**Til stades:**

Dag Olav Tennfjord, Knut Helge Harstad, Oddvar Myklebust, Vebjørn Krogsæter.

Rådmenn: Astrid Eidsvik, Bente G. Vikhagen, Janette Steinsvik, Turid Hanken, Kim A. Breivik.

Prosjektteam og andre: Anne B. S. Emblem, Anne Bente Skjellum, Mads Solberg, Irene Kalstad Aase.

Forfall: Synnøve V. Synnes, Eva Vinje Aurdal (deltok via tlf. i sak 4)

### 1. Kort statusorientering veke 21-23

AU gjekk kort gjennom statuspunkta:

- AU-møte møte 24.5. – [lenke til referat](#)
- Søknad infrastrukturmidlar er sendt KMD 1.6. med kopi til ordførarane.
- Prosjektleiarforum 2.6. – [lenke til referat](#). Presentasjonar – sjå vedlegg. Ny samling vert 23.6.
- HTV og HVO er inviterte til felles kommunestyremøte 21.6.
- Organisasjonskart og delprosjekt oppdatert oversikt – [lenke](#).
- Oppstartsamling 12.-13.6. i KMD sitt prosjekt «*Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing*». Nye Ålesund deltok med ni representantar.
- Planlegging av felles kommunestyremøte – skypemøte med Vigdis R. Vestad FMMR, møter med NMK og andre aktørar for arrangementgjennomføring.
- Innkalling frå FMMR sendt kvar kommune 13.6. – sjå vedlegg. Kvar kommune skal sende innkalling til kommunestyremøtet 21.6. der FMMR si innkalling og sakliste er vedlagt.
- Prosjektet opprettar ei side på FB for tilsette som er open for alle.
- Informasjons- og nyheitsbrev nr. 2 vert sendt tilsette før sommaren.

Statuspunkta vart teke til orientering.

### 2. Stortingsvedtak 8. juni 2017 «Endringer i kommunestrukturen» Prop. 96 S (2016-2017), Innst. 386 S (2016-2017)

- <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=67738>
- Pressemelding frå nye Ålesund sendt ut like etter vedtaket - [lenke](#)

Saka vart teke til orientering.

### 3. Intensjonsavtalen – klar for signering 19.6.17

- Oppdatert intensjonsavtale er ferdig handsama og vedteken i fire kommunestyre, Haram har møte 15.6 og avtala vart også vedteken der.
- Ordførarane vil signere oppdatert avtale i siste styringsgruppemøtet 19.6.
- Signert intensjonsavtale vert utdelt i 200 eksemplar på felles kommunestyremøte 21.6.

Saka vart teke til orientering.

#### 4. Planlegging felles kommunestyremøte

- Saka er tidlegare behandla i AU 3.5. sak 4, AU 24.5. sak 7, og st.gruppa 18.5. sak 43/17.
- FMMR har sendt kommunane innkallinga 13.6. Kvar kommune innkallar sine folkevalde til kommunestyremøtet 21.6.
- Anne Bente Skjellum presenterte forslag til program og gjennomføring av arrangementet.
- AU blei einige om køyreplan for drøftinga (kl. 15-17):
  - Fylkesmannen vil opne og innleie møtet.
  - Styringsgruppeleiar vert foreslått som ordstyrar saman med hennar formannskapssekretær (jf. AU 3.5.). Nestleiar vert foreslått som andre ordstyrar.
  - Ein ordførar held hovudinnlegg på kvar av dei fem sakene, fordeling av hovudinnlegg:
    - Sak 1 - kommunenamn: Oddvar Myklebust
    - Sak 2 - tal på kommunestyrerepresentantar: Dag Olav Tennfjord
    - Sak 3 - mandat for fellesnemnda: Vebjørn Krogsæter
    - Sak 4 - revisor: Knut Helge Harstad
    - Sak 5 - underutval (AU og PSU): Eva Vinje Aurdal
  - Tidsramma er to timar, det er forventa at sak 2 og 3 tek mest tid. Pga. tidsramma vert taletid 3 minutt på hovudinnlegg og 1 minutt på andre innlegg. Alle 133 representantane har rett til å ta ordet i den opne drøftinga. Det er ein fordel om ordførarane på førehand gjer seg kjent med kven som vil å ta ordet frå sitt kommunestyre.
  - Formannskapssekr. i kvar kommune sit i første rekke saman med ordførar og varao.
  - Namn på neste talar må lesast opp slik at han/ho kan gjere seg klar.
  - Dette vert utdelt på borda: Signert intensjonsavtale, mandat for fellesnemnda, innstilling frå kontrollutvala og inndelingslova.
- Fem individuelle kommunestyremøter for vedtak (kl. 17-19):
  - Følgande rekkefølge: Ålesund, Ørskog, Skodje, Sandøy, Haram.
  - Tidsramma er to timar, dette vert om lag 20 minutt på kvar kommune.

Oversikt kommunestyreprotokollar i dei førebuande fasane:

	Fsk.møte	K.s.møte	Lenker - vedtak
Haram	6. juni	15. juni	<a href="#">Lenke til protokoll formannskapsmøte i Haram 6. juni sak 69-72/17</a>
Sandøy	29. mai	8. juni	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Sandøy 8. juni sak 48-52/17</a>
Skodje	24. mai	31. mai	<a href="#">Lenke til protokoll formannskapsmøte 24. mai og orienteringssak kommunestyret 31. mai sak 17/590</a>
Ørskog	31. mai	8. juni	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Ørskog 8. juni sak 60-63/17</a>
Ålesund	16. mai	23. mai	<a href="#">Lenke til protokoll kommunestyremøte i Ålesund 8. juni sak 49-52/17</a>

#### 5. Kjønnsmessig balanse i kommunane sine repr. til fellesnemnda – presisering frå fylkesmannen

Kravet til kjønnsmessig balanse, er ikkje retta mot nemnda som heile, men kvar kommune si valliste/delegasjon til fellesnemnda (fem representantar), jf. AU-møte 24.5. sak 5. Etter AU-møtet har koordinator tatt opp igjen spørsmålet med FMMR, og skriftlege svar er vidareformidla til ordførarane:

«Valglistar til fellesnemnda skal oppfylle kravet om kjønnsmessig balanse jf. kommunelovens § 36 nr. 2. (...) Fylkesmannen skal ikkje godkjenne eller innvilge unntak fra kravet til kjønnsmessig balanse. Det kan imidlertid få konsekvenser for gyldigheten av vedtakene dersom organet ikke er satt sammen lovlig. Det er kommunens ansvar å se til at organet er lovlig sammensatt.» «Det er ikke mulig å søke unntak fra kravet om kjønnsmessig balanse. Verken med hjemmel i eller etter inndelingslova § 17. Det foretas ingen automatisk «kontroll» med at kommunene etterlever regelverket. Det er som jeg skrev, kommunenes ansvar å sørge for at regelverket følges. Dersom listeforslagene ikke oppfyller lovens krav om kjønnsmessig balanse vil organet kunne anses som ugyldig sammensatt. Jeg skrev i en tidligere e-post om hva som kan anses som «unntaksgrunn», men det var ment som en henvisning til og utdyping av; hva som ligger i lovens ordlyd om at kravet til kjønnsmessig balanse skal følges «så langt det er mulig».»

Dersom kvar kommune ikkje følgjer regelverket for samansetjing, kan dette få konsekvensar for heile fellesnemnda si gyldigheit. Koordinator peika også på at det vert uheldig å byte ut representantar i fellesnemnda etter konstituering; både for nemnda som gruppe, for dei som må ut og dei som kjem inn, samt følgekonsekvensar for varamannslista.

Ordførarane i Skodje og i Ørskog gjorde greie for den vanskelege situasjonen og løysingsforslag. FMNR v/prosjektleiar Vigdis R. Vestad og jurist Frida F. Brevik er inviterte til styringsgruppemøtet 19.6. for å klargjere kravet.

Saka vart teke til orientering. AU anmodar om at kvar kommune fattar gyldige vedtak før konstituering av fellesnemnda 24.8.17

## 6. Eigedomsskatt – avklaring med fylkesmannen

Eigedomsskatt skal, saman med andre lokale forskrifter og vedtekter, harmoniserast før kommunesamanslåinga. Dersom nye Ålesund ikkje greier dette innan fristen, kan ein som siste utveg søke Kongen om unntak frå eigedomsskattelova, jf. inndelingslova § 17. I så fall skal behovet for unntak grunngjevast godt; vilkår for unntak etter inndelingslova § 17, 2. ledd er at unntaket må vere «nødvendig» for gjennomføring av grenseendring, det er ikkje nok at det sjåast som hensiktsmessig eller ønskeleg.

I FMNR sitt saksframlegg om felles kommunestyremøte, står følgjande i kap. 2:

*«I tillegg til sakene som er nemnd i § 25 i inndelingslova bør kommunane i eit slikt felles møte drøfte og bli einige om saker som det er nødvendig å gjere unntak frå i lovverket for å gjennomføre samanslåing, jf. § 17 i inndelingslova. Eksempel på unntak frå lovverket er (...) harmonisering av reglar for eigedomsskatt (eigedomsskattelova) (...). Slike saker må også takast med i kongeleg resolusjon, dersom det forutset unntak frå lov eller forskrift.»*

Eigedomsskatt i nye Ålesund vert ikkje drøftingstema i felles kommunestyre 21.6. fordi vi har ikkje utgreidd dette enno. Dette må takast opp i fellesnemnda i eit seinare høve.

FMNR er invitert til styringsgruppemøte 19.6. for å gå nærmare inn på dette.

Intensjonsavtalen skriv dette om harmonisering:

*Lokale forskrifter og vedtekter (til dømes politivedtekter, opningstidsvedtekter, vedtekter for sal- og skjenketider etter alkohollova, vedtekter etter plan- og bygningslova, vedtak om hamneavgift, satsar for eigedomsskatt og andre betalings- og avgiftsregulativ, lokale fiske- og jaktforskrifter, og avfallsforskrifter) gjeld framleis for vedkomande område inntil dei blir endra av kommunestyret i den nye kommunen. (...) Teneste- og avgiftsnivået skal harmoniserast. Dette arbeidet må starte raskt.*

Mandat for fellesnemnda har desse punkta:

*3.3. Fellesnemnda skal utarbeide økonomiplan og budsjett for det første driftsåret for den nye kommunen (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, første punktum) og legg fram forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak for det nye kommunestyret som blir vald hausten 2019, her under framlegg til satsar for gebyr, avgifter og eigenbetaling. Formannskapet har ansvaret for å fremje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret (2019) (jf. pkt. 5.3.2 i Rundskriv H-10/15 om inndelingslova).*

*3.4 Fellesnemnda skal i si verkeperiode gi fråsegn til departementet (fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane som er nemnt i kapittel 1 i dette reglementet (jf. inndelingslova § 26 tredje ledd, andre punktum). 3.5 Fellesnemnda blir eit koordinerande ledd mellom kommunane med tanke på å samordne ei heilskapleg planlegging på økonomiområdet, jf. pkt. 5.4.2 i intensjonsavtalen.*

Saka vart teke til orientering.

## 7. Politisk sekretariat til fellesnemnda

- Det vert delvis frikjøp av formannsapssekretær frå Haram (i snitt 40 % første år) for å vere politisk sekretær for fellesnemnda, jf. AU-møte 24.5. sak 4.
- Det jobbast vidare med tekniske avklaringar, m.a. val av oppgåvemodul, slik at dette er på plass til første møte i AU og fellesnemnda i august.



## **8. Prosjektstilling ansvar for IKT/digitaliseringsarbeid. Vedtak e-kommune Sunnmøre.**

- Utlysningstekst prosjektstilling strategisk IKT og digitalisering, jf. AU-møte 24.5. sak 9. Stillinga vert utlyst like etter vedtak i styringsgruppa.
- Bente G. Vikhagen orienterte om styrevedtak i e-kommune Sunnmøre 7.6.17 vedrørende strategisk ledd i e-kommune der følgande kom fram:  
*«Den digitale samanslåinga for nye Ålesund kommune er avhengig av å bli styrt som eige delprosjekt som forhold seg til dei same styringslinjene som dei andre delprosjekta i nye Ålesund. Dette inneber at kommunane i nye Ålesund ikkje bør videreføre det strategiske samarbeidet i eKommune med dei styringsstrukturane som fungerer i dag. Det strategiske samarbeidet etter §27 i kommunelova bør difor avviklast. Ein anbefalar at IKT driftssamarbeid vert videreført og vidareutvikla gjennom fornying av samarbeids- og tenesteleiv. avtale som sikrar gode strukturar, under namnet eKommune Sunnmøre»*
- Det er kvar kommune som har vedtaksmynde til å oppløse dette §27-samarbeidet. Dette vert eiga orienteringssak i styringsgruppemøtet.

## **9. Delprosjekt interkommunalt samarbeid – oppnemning av fem politiske representantar m/vara**

- Ordførarane melder til koordinator kven som vert politisk representant og vararepresentant frå sin kommune i delprosjektet, jf. AU-møte 24.5, slik at gruppa kjem raskt i gang i august.
- Tore Hals kan bistå som administrativ tilretteleggjar for delprosjektet i 2017.

## **10. Prosjektleiarteam – finansiering felles opplæring**

- Det er behov for midlar til felles opplæring i prosjektarbeid, 2-4 kursdagar hausten 2017.
- Koordinator søker KS om kompetansemidlar, dersom dette ikkje går i orden må finansieringsbehovet fremmast for AU.

## **11. Partsamansett utval (PSU) frå september - tal på representantar frå arbeidsgjevar**

- Delprosjekt Personal og omstilling v/Petter Sortevik orienterte om oppretting av organet PSU i hht. mandat for fellesnemnda pkt. 2.6. Delprosjektet utformar eit eige reglement for PSU som vert drøfta med fagforeiningane, og deretter vedteke i fellesnemnda sitt første møte.
- AU innstiller på at arbeidsgjevar har 7 PSU-representantar: Ordførarar og to varaordførarar.

## **12. Overordna styringsdokument og ROS-analyse – hovudsak i siste styringsgruppemøte**

- Prosjektkoordinator og Bente G. Vikhagen førebur prosess for arbeid med styringsdokumentet og overordna ROS-analyse. Målet er at dokumentet inkl. analyse, leggst fram for fellesnemnda i første møtet i august.
- Dette vert hovudsak i siste styringsgruppemøte.

## **13. Forprosjekt for oppretting av senter for offentleg innovasjon - status**

- Dette er ein nasjonal pilot i samarbeid med m.a. Ålesund kunnskapsark (ÅKP), som er i oppstartsfasen. Dag Olav Tennfjord ga ein oppdatert status.
- Det jobbast vidare med grunnfinansieringa for å etablere eit forprosjekt.
- NTNU skal takast med i dialogen om eventuelt partnerskap.
- Det er viktig å sikre at lov om offentleg anskaffelse vert følgd i eventuelt framtidig samarbeid med ÅKP.

## **14. Program/agenda for styringsgruppemøte 19.6., Ørskog**

Stad: Ørskog er vertskap.

Agenda: Forslag til agenda vart delt ut, hovudsaker vert:

- Orientering ved prosjektleiarteam Vigdis Rotlid Vestad og jurist Frida F. Brevik, FMMR.
- Felles kommunestyremøte – program og gjennomføring.
- Signering av intensjonsavtale.
- Styringsdokumentet «Slik bygger vi nye Ålesund kommune» og ROS-analyse - hovudsak
- Stillingsannonse og stillingsprofil rådmann nye Ålesund.

- Kort om fellesnemnd og AU hausten 2017. Møtekalender, formannskapssekretær m.v.
- Avslutning for styringsgruppa.

Endeleg agenda m/saksliste vert sendt styringsgruppa etter AU-møtet.

AU var einige om at tilsettingsutvalet innkallar rådmenn til samtale om omstillingsprosess og når ein kan forvente nærmare avklaring for noverande rådmenn. Tilsettingsutvalet ber om eit fagleg notat frå delprosjekt personal og omstilling før møtet.